Vedtekter Ørsta Idrettspark AS

Vedtekne 21.12.2018, gjelder frå 01.01.2019

§ 1. Selskapet sitt namn er Ørsta Idrettspark AS

§ 2. Selskapet sitt forretningskontor er i Ørsta kommune.

§ 3. Selskapet si verksemd/føremål er å forvalte sponsorinntekter / gåver til Ørstahallen, og å oppretthalde/utvikle utstyr og aktiviteter i hallen.

§ 4. Selskapet sin aksjekapital er på kr. 4.018.000,- fordelt på 4.018 aksjar pålydande kr. 1 000,-

§ 5. Styret i selskapet skal ha 3 medlemar. 2 av styremedlemane skal veljast av Ørsta Idrettsråd og Ørsta kommune, og 3dje styremelem skal veljast av generalforsamlinga i selskapet.

§ 6. Selskapet skal ha 1 dagleg leiar.

§ 7 På den ordinære generalforsamlinga skal fyljande saker handsamast:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.
- Andre saker som lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

§ 8. Aksjane skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.

§ 9. Eventuelt overskot skal nyttast til utvikling av Ørsta Idrettspark AS. Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet.

Ved oppløysing/avvikling av selskapet skal selskapet sine eigedelar tilfalle Ørsta Idrettsråd.

§ 10. Overdraging av aksjar er på vilkår av godkjenning frå selskapet sitt styre. Styret skal nekte overdraging av aksjar dersom det ikkje føreligg sakleg grunn eller overdraginga vil medføre brot på vedtektene.

§ 11. Meir enn 50 % av aksjane i selskapet skal til ei kvar tid vere eigd og kontrollert av Ørsta Idrettsråd. Vedtektene kan berre endrast med 2/3 fleirtal.

§ 12. Aksjelovgivinga sine reglar gjeld med mindre anna går fram av vedtektene.